



INNHOOLD

REDAKSJONSKOMITEENS GRUNNLAGSMATERIALE

HOVEDDISKUSJONER:

- I Plattform for dei rauda kora
- II Vedtekter
- III Arbeidsmetodar for rauda kor
- IV Forbundsvedtekter

STØTTEDISKUSJONER:

- V Plattformen, eit gjerd mot borgarleg politikk
- VI Kultur som våpen
- VII Sovjet, - ein imperiaalistisk stat?
- VIII Arbeiderklassens levende rolle
- IX Arbeidsstil
- X Klasseanalyse

PLATTFORM FOR DEI RAUDE KORA

Raudt Kor er ein politisk kamporganisasjon som nyttar kultur og då i hovudsak korsong som våpen i klassekampen og kampen for sosialismen.

Raudt Kor er ei sjelstendig rørsle med eiga plattform og medlemedemokrati. Utifrå plattformen og diskusjonar i kora tek vi del i den kampen arbeidarklassen og deira allierte fører for dagskrav og for sosialismen.

I arbeidet vårt vil vi kjempe imot:

- All imperialisme og sosialimperialisme, og særskilt dei to **supermaktene USA og Sovjet** (som båe kjemper om verdsherredøme).
- Borgarskapet, som lever av å utbytte arbeidarklassen og det arbeidande folket. Særskilt peiker vi på monopolborgarskapet og den borgarlege staten som hudfienden til arbeidarklassen.
- DNA- og LO-toppen, som er dei faste medspelarane til monopolborgarskapet i arbeidarrørsla.
- All opportuniste ~~og klassefiende~~ i fagrørsla og på dei andre kampområda til arbeidarklassen. Denne linja for kampen spreier illusjonar om at levevilkåra til arbeidarklassen kan forbetrast gjennom samarbeid med klassefienden.

Vi vil stø aktivt opp om og delta i:

- Arbeidarklassen sin daglege kamp mot utbytning og forverra levevilkår.
- Den kampen andre grupper i folket fører mot imperialismen og borgarskapet.
- Den 3.verda si kamp mot imperialismen og dei to supermaktene. Den 3.verda utgjer hovudkrafta i den anti-imperialistiske kampen idag.
- Arbeidarklassen sin kamp for sosialismen. Berre eit nytt samfunnssystem kan gjere slutt på all utbytning i verda. Arbeidarklassen har ein rad allierte i denne kampen, t.d. bønder og fiskarar. Men det er arbeidarklassen som er den leiande krafta, og difor lyt deira interessar vere retningsgjevande for Raudt Kor si verksemd.

- Kampen for dei demokratiske rettane. Åtak på ytringsfridomen kjem i form av sensur av progressive meiningar og kultur i massemedia, kampviljuge arbeidarar vert forfulgde i fagrørsla. Uthulinga av streikeretten er eit teikn på ei auka fascisering av samfunnet. Raudt Kor står xå kravet om forbod av det nye nazi-partiet Norsk Front.

Som kulturarbeidarar vil vi særskilt kjempe mot:

- Staten sin kulturpolitikk. Staten og monopola spreier borgarleg kultur som skal løyne klassemotsetnadene og utbytinga. Samstundes går staten til åtak på levevilkåra til kunstnarane, t.d. gjennom kulturmeldinga til Regjeringa.

Vi vil kjempe for:

- Den kampen som kunstnarar og andre kulturarbeidarar fører mot forverra levevilkår.
- Ei styrking av ~~det nynorske målet~~ ^{dialektane} si stilling i daglegtale og skrivemål. ^{og skilling i}
- Ein kultur som klårgjer klassemotsetnadene og utbytinga, og som gjev arbeidarklassen og folket tru på siger i kampen mot imperialismen og borgarskapet. Vi vil fremje den nasjonale ~~kulturen til folka, og kulturen til dei internasjonale arbeidarørsla.~~

3 arb.vært vil vi legg vekt på å fremje:

- den folkelige og nasjonale kulturen i N.
- den int. arb. ^{musikk-}bevegelsen kulturelle tradisjon ~~den 3. verdens k...~~
- den kultur som vaks fram gj.

3 verdens kamp mot imp. og
SOS. imp.

12/10

II.1

VEDTEKTER

FØRSLAG TIL STATUTTER FOR DE ENKELTE RØDE FOR.

I. MEDLEMSKAP.

- a.) For å bli medlem må en godta korets politiske plattform med statutter.
- b.) Innmelding skjer ved betaling av medlemskontingent. Denne skal betales innen tredje øving.
- c.) Utmelding av koret skal skje skriftlig til AU med skriftlig/ muntlig begrunnelse.
- d.) Gruppeliderne har plikt til å reise diskusjon med alle medlemmer som gjentatte ganger bryter statuttene, i gruppa. Dersom medlemmer etter en slik diskusjon fortsetter å bryte statuttene, gir dette grunnlag for ekskludering, som kan foretas av korøving med simpelt flertall.

II. MEDLEMMENES PLIKTER OG RETTER:

- a.) Nye medlemmer får plattform med statutter og tilvises gruppe av AU på første øving.
- b.) Medlemmer med betalt kontingent har forslags og stemmerett.
- c.) Medlemmer har møteplikt på korøvinger og andre korarrangementer, dersom de ikke har gyldig grunn til fravær.
- d.) Medlemmer plikter å sørge for at beskjed om fravær blir gitt til gruppeleder eller medlem av AU før korøving eller arrangement, dersom dette er umulig, så snart som mulig etterpå.
- e.) Medlemmer plikter å være AU behjelpelig med å løse arbeidsoppgaver.

III. ORGANISERING AV KORET.

A) SMÅGRUPPER.

- a.) Hvert kor skal ha smågrupper på mellom 5-10 personer. Disse skal fungere som politiske diskusjonsgrupper.
- b.) Hver gruppe bør ha sin særegne oppgave i koret, f.eks. dramagruppe, instrumentgruppe osv.
- c.) Hvert kor må sørge for å ha en organisert allsanggruppe, som skal være en kamperuppe som kan skape allsang på forskjellige arrangementer.
- d.) Gruppeliderne skal ha oversikt over hvor gruppas medlemmer kan kontaktes, og omvendt.
- e.) Gruppeliderne skal ha oversikt over fravær i sin gruppe og har ansvar for diskusjon med medlemmer med stort fravær.

II. AU.

- a.) AU skal fungere som korets organisatoriske og musikalske ledelse.
- b.) Koret velger i begynnelsen av hvert halvår AU (arbeidsutvalg). AU bør bestå av minst 5 personer + dirigenter og kan eventuelt suppleres.
- c.) For å sikre kontinuiteten i arbeidet skal minst to av AU's medlemmer sikres sjenyale.
- d.) Medlemmer av AU bør fungere som kontaktpersoner utad.

- II.2** e) AU skal kunne fatte vedtak om at koret skal stille nå et arrangement, dersom det er umulig å få tatt det opp nå øving før arrangementet. Vedtaket skal følges lojalt av korets medlemmer. Om vedtaket var riktig skal diskuteres blandt korets medlemmer så snart som råd.

III. PLENUM:

- a) Korøving er korets høyeste organ. Koret er vedtaksført når minst halvparten av korets medlemmer med betalt kontingent er tilstede.
- b) Flertallsvedtak skal følges. Til flertallsvedtak kreves simpelt flertall. Alle medlemmer skal lojalt følge opp flertallsvedtak.
- c) Simpelt flertall nå korøving kan vedta å bytte ut hele AU eller deler av AU.

IV. KORETS EIENDOM:

- a) Korets eiendom disponeres av korets AU, som står ansvarlig ovenfor korøving.

Det er viktig at dei raude kora oppsummerar røynslene sine med støtte mellomrom og kjem fram til rette politiske prinsipp for praksisen sin, og at slike prinsipp blir felleseige for kora i forbundet. Dette dokumentet er meint å samle slike prinsipp (så langt dei ikkje høyrer heime i vedtekter og allmenpolitisk del) etter kvart som dei vert utvikla.

Dokumentet er ikkje meint som eit absolutt krav til kora, det må ikkje bli ei hindring i kora sitt arbeid. Kora arbeider under ulike vilkår og har ulike føresetsnader og ressursar, dei må sjølve avgjera korleis dei best kan fylja koret sitt formål i den konkrete stoda dei er i, og vera drostuge med å utvikle nye og betre former i arbeidet.

Dokumentet må vera ei rettesnor som har til formål å

- færa einenskapen mellom kora opp på eit høgare nivå gjennom at viktige drag i praksisen deira blir same

- vera idebank og oppsummeringssentral (kora må fort vekk ta initiativ til samarbeiding og tilføyding i Arbeidsmetodar, ut i frå dei nye røynslene dei gjer)

- vera vegleiing og hjelp ved nystarting av kor

Dokumentet tek for seg:

Arbeidsstil

Kora legg vekt på kollektiv arbeidsstil, det vil seia at alle medlemene tek del i og ansvar for utføringa av politikken, organiseringa og framføringane, driv korarbeidet frametter og syter for at feil blir retta på. Likeins at styre og dirigentar driv arbeidet sitt åpent for medlemene, slik at arbeidet kan kontrollerast og ingen vert sitjande aleine med viktig kunnskap og store oppgaver. Kollektivet er eit viktig politisk prinsipp som skal sikra einenskapen, at 'makta' i koret vert liggjande hjå medlemene (at det er koret som vel leiarane og ikkje omvendt), og at medlemene vert raskt fostra i korarbeidet, og motverke tendensar til byråkrati. Kora må vera både demokratiske og disiplinerte om politikken skal bli sett ut i livet med tilstrekkeleg kraft. Kora må finna måter å gjera bruk av (og utvikle) kunnskap, evner og gode idear hjå alle medlemene for å styrke kora sin innsats i klassekampen.

Styret

Kora treng styre som sentral og leiar i arbeidet. Styret bør vera politisk sterkt, i stand til å gå fremst i å setja koret ut målsetjing ut i livet på best mogleg vis, kunna oppsummera usemje og manglar i koret og ta initiativ til å løyse desse. I dette vil styret og ha bruk for kunstneriske og organisatoriske evner og kunnskapar, sans for koret sine verksmidde og for planlegging/forebuing. Dessutan er det i alle høve bra å velja inn ein eller fleire arbeidarar i styret: Dei høyrer til den leiande klassa, kjenner til ombygginga og gjerne lokale tilhøve, er stabile på plassen (jantover) osv.

Såleis kan kriteria for val av styremedlem vera:

- God 'masseline', kontakt med medlemene, evne til å summere opp meiningane deira og bygge på kreftene deira
- Godt grep om koret sin politikk (plattform og vedtak)
- Ste, pålitelige og entusiastiske for koret
- Kunstneriske og organisatoriske evner
- Ein eller fleire arbeidarar med.

Sjølvoagt treng ikkje alle kriteria oppfyllest for kvar person, somme kan veljast inn for å utvikle seg på oppgava, men kvart kriterium bør oppfyllest av meir enn ein, for å sikra kollektiv leiing. Hovuddisiplinen bør vera fast medlem. Det bør og sikrast at styret til saman har jamnleg kontakt med alle medlemene i koret, til dømes ved at styremedlemene representerar kvar si (stemme- eller arbeids-)gruppe.

Styra i dei ulike kora bør utveksle røynsler om styret sine ulike arbeidsområde og metodar.

Grupper i koret

1) **STEMMEGRUPPER.** Dei raude kora er til vanleg delt inn i sopran, alt, tenor og bass. Kvar stemmegruppe bør ha ein ansvarleg, som kan avlaste dirigenta i innlæringa og ha ansvar for at alle får lært si stemme/opp-gave i tide.

2) **ARBEIDSGRUPPER** kan dannast på tvers av stemmegruppene. Arbeids-gruppene har faste særreigna oppgavor, til dømes:

- å utforme og spela akkompagnement til framføringane
- å leia og lære bort allsang på møte, opptre på stands o.l.
- å samla og utvikle sanger og stoff til repertoaret
- å planlegge program, (scene-)framford o.l. til framføringane
- å undersøke klassekampshistoria lokalt der koret arbeider, bc inn eldre og yngre arbeidsfolk til å fortelja koret om røykslene sine o.a.
- å utvikle seg til dirigentar, kunstneriske leiatar

3) **KOMITEAR** for eingangsoppdrag, t.d. førebuing av eit seminar eller eit større ordskifte, av ein korfest eller tur, for å avlaste korstyret og styrke kollektivet.

Slik gjennomorganisering av koret er nyttig, både for å nytte koret sin arbeidskapasitet fullt ut, og for at medlemane skal bli godt kjent med einannan, sosialt samansveisa gjennom arbeidet. Særleg arbeids-gruppene kan dessutan nyttast til politisk ordskifte utanom øvingane (med innleiing føre og oppsummering etterpå i korplenum) slik at koret, når det er samla, får meire tid til kunstnerisk arbeid. Koret, og især styret, må lære seg å nytte denne organiseringa godt, så koret kan gå raskt fram og få stor slagkraft.

Dirigentar

Koret bør ha meir enn ein dirigent, og stadig lære opp nye, for å sikra koret ei framtid og kollektivet i leiinga. Minst ein dirigent bør sitja i styret. Ein dirigent bør ha ansvar for dirigentopplæringa.

Dirigenta er kunstnerisk leiatar, til vanleg underlagt korplenum, leiar arbeidet i plenamsøving, og får kommandoen ved framføring. Dirigenta må førebu og leia øvinga slik at bruk av medlemane si kunstneriske skapar kraft kan sameinast med effektiv jobbing. Dirigenta har og eit særskilt ansvar for stemmematerialet i koret: At folk lærer stemmebruk og ikkje bryt ned stemma si.

Dirigentane må skaffa seg, og bringe vidare, kunnskapar om instruksjon, dirigering, stemmebruk, noter, arrangering og andre kunstneriske spørsmål. Dei må gjera seg godt kjende med proletarisk sangtradisjon, og aldri glemme å sjå politikken i dei tekniske spørsmåla.

Repertoar

Kora bør bygge opp eit repertoar med:

- "klassiske" arbeidarsanger frå Noreg og andre land
- antiimperialistiske sanger, sanger frå frigjeringsrørslene
- nyare klassekampsanger frå ulike kampavsnitt
- sangleik med bra politisk innhald
- andre innslag

Kora bør gå ut over dei vanlege rammene for korframføring, og ta i bruk eit mangfald av ulike former: Talekor/slagord, sketsjar og dra-matiske verkemiddel, søgeføreljing, utdeling av løpesetlar, og kva som elles måtte kve. Bruk fantasien, progressiv kultur er spanande!

Det er viktig å bryte ned skiljet utevar/tilhøyrar. Kora/membrane bør kunna leia allsang og sangleik, og kanhende stensilera opp allsang-hætte å låna ut til tilhøyrarane.

Kora legg hovudvekta på det politiske innhaldet i sangane og inn-slag, og krev at den kunstneriske kvaliteten/forma skal stø opp under dette. Det politiske innhaldet må vurderast kritisk ut i frå platt-forma og den aktuelle politiske stoda. Under dette bør ein og undersøke bakgrunnen for sangen/stoffet (jfr. Vi e de mange).

Kora må ha eit vakent auge for den politiske siida lokalt, i Noreg, og elles i verda, gjera konkret analyse av utviklinga, og bygge opp repertoaret ut i frå dette, for å vera bukke med eit passande repertoar når det kjem nye åtak på arbeidsfolk og når arbeidsfolk vågar seg ut i kamp. (I slike høve bør kora og vedta støttefråsegner og senda økonomisk hjelp.)

Framføring

Kora må vurdere kvar tilstelling og framføring ut i frå plattformen, så dei unngår å bli radikalt alibi for fienden, og samstundes når eit breitt publikum med rett politikk. I tillegg til å optrå på oppfordring bør kora sjølv ta initiativ, især ved å kontakta arbeidarar i kamp, og elles for å nå store delar av arbeidarklassa og deira allierte. Kora bør vera drestuge i val av plassar å optrå, nytte stands, aksjonar, demonstrasjonar o.l., oppsøke ungdomsklubbar, velforeningar og anna som måtte høve.

Det er viktig for kora å koma raskt og ofte ut til folk, for å få oppreidd politikken effektivt og for å få rutine i å optrå. Men kora bør og leggja vekt på å gjera ein god figur, å "vinna slaga". Me bør lære songane utanboks og godt, så me kan syngje overtydande til folk, og leggja vekt på militant og disiplinert stil (samsvar med innhaldet). Skikkeleg oppstilling, og foresudd inn-/avmarsjering gjev godt inntrykk. Fane og eitsteg uniformering (t.d. skjort) kan og gjera seg. Presentasjon av koret og innslaga bør vera einfelt og skarpskoren, innretta på høvet og mekelyden, og framlagt av andre enn dirigenten (for å understreka kollektivitet).

Kora tek betalt for å optrå for arrangerarar med stor økonomi, især dersom arrangementet gjev inntekt. Koret treng pengar til drift, men sikringa av økonomien må alltid vera underordna kora si hovudmålsetjing, å nå breitt ut med rett politikk.

Studier/opplering

Det er viktig at koret aukar dei politiske og kunstneriske kunnskapane til medlemmane jamnt og trutt, for å styrke demokratiet i koret, auke koret si slagkraft, og gjera det i stand til å halda følge med utviklinga utanfor ovs. oppretthalde rett politikk og praksis.

Politisk må medlemmane styrke kjennskapet til og forståinga av plattformen og den politiske utviklinga i verda, nert og fjernt. Til dette treng dei og kjenskap til arbeidarklassa sine reynslar opp gjennom tida, og reynslane frå frigjeringskamp rundt om i verda. Såleis vil studieriklar, seminar, medlemsblad og ordskifte om dette vera ein naturleg, men underordna, del av korarbeidet.

Kunstnerisk må medlemmane lære å meistre koret sine uttrykksmiddel på allsidig vis, og nye kunstneriske leiingar må utviklast. I fyrste omgang bør alle lære noter og stemmebruk, nykje anna lærast direkte i praksis ved innøving og framføring, og ved oppsummering/kritikk av praksisen. Dirigentopplering må takast særskilt hand om. Medlemmane bør elles, alene eller gruppevis, studera bøker og andre kor/grupper sitt arbeide. Legg særleg vekt på å oppdriva kunnskap om korleis arbeidarkora gjekk fram den tida dei var innretta på agitasjon og kamp.

Før drestug med å la medlemmane prøve nye oppgaver i koret, og gje dei hjelp og stønad.

Rekruttering

Me ønsker mange, store og sterke raude kor. Difor bør rekrutteringa drivast ikkje berre for å fylle hola etter dei som forsvinn, men og med sikte på å danne avleggjarar. Kora bør rekruttera aktivt, og særleg innretta på arbeidarklassa. Viktige metodar er personleg mobilisering, og appellar der koret optrår (med opplysing om tid og stad for øvingane), elles er lepesettlar, oppslag og annonsar brukande. Starten på halvåret er beste tid for rekruttering (folk legg nye planar da, og koret kan lære opp dei nye medlemmane under eitt ved samla inntak.)

Det er viktig at nye medlemmer vert godt mottekne, at dei raskt vert sett inn i plattform, vedtektene og andre viktige sider av politikken og arbeidet til kora, at dei får plass i ei gruppe, kjem raskt med i arbeidet og knyter sosiale band.

Sosialt sårver

Somme kor har gode røynsler med å arrangera fest og utflukter for koret, der det sosiale sårveret til avveksling blir hovudsida, samstundes som ein utviklar det progressive innhaldet i fest, erstattar alkoholen og veggryden med kollektiv verksemd, kultur og moro, kanhende bed inn andre arbeidsfolk til å fortelja, kanhende held appollar og saclar inn stønad o.l. Å utvikla innhaldet i folkeleg fest er ei stor utfordring til dei raude kora, og styrker samhaldet i kora samstundes.

FORBUNDSVEDTEKTER

Landsforbund av Landt Kor & Korps

1. Mannet på forbundet er ~~Landt Kor & Korps~~ *og* *RK si* *og vedlekk*

2. Forbundet sitt formål er på grunnlag av den ~~sine~~ *den pol. slagkrafta* *og mott.* plattform *og vedlekk* å samordne og styrke ~~arbeidet~~ *og korpsa* til dei raude kora (og andre tilslutte kulturgrupper). Gjennom

- utveksling av røyser og stoff
- samordne ordskifte og aksjonar
- medlemsavis, som ---
- notessamling
- oppretting av og hjelp til nye raude kor / ~~kulturgrupper~~ *korps*
- arrangering av landsamlingar for kora / ~~korpsa~~ *korps*
- arrangering av kurs
- samarbeid med andre organisasjonar

Kor & Korps prinsipielt likesitt.

3. Medlemskap: *korps* *og like likvande ensembler*
- Kor og ~~kulturgrupper~~ *og andre syngende kulturgrupper* som sluttar seg til plattformen og forbundsvedtektene kan bli medlem i forbundet, dvs. kollektivt medlemskap

-Tilmelding: Søknad om medlemskap rettast til landsstyret. Medlemskap vert innvilga og sett i kraft av landsstyret, og skal godkjennast av fyrstkommande landsmøte (sjå dette).

-Utmelding: Utmelding skal grunnjevast skriftleg til landsstyret, og økonomien skal gjerast opp før utmeldinga trår i kraft. Det same gjeld ved nedlegging av kor / *korps*.

-Suspensjon/utelukking: Landsstyret kan suspendere eller utelukke kor / *korps* for alvorlege brot på forbundsvedtekter / alvorlege avvik frå plattformen. Slik suspensjon/utelukking kan ankast til landsmøte. (Sjennapptaking av utelukka kor/gruppe skjer formelt som ved nyinnmelding.) *utan stikel*

4. Forbundet sine organ er landsmøtet, ~~og~~ landstyret *og sekretariatet.*

5. Landsmøtet (LM) er øvste organ i forbundet. LM blir innkalla med maksimale ~~2~~ *2* års mellomrom. Landsstyret avgjer tid og stad. LM skal kungjera st 3 mnd. i førevegen, saker skal meldast inn innan 2 mnd. før LM, og sakspapir skal ut innan 1 mnd. før LM. Kvart medlemskor / *korps* har rett ~~til~~ *til* 2 utsendingar med stemmerett. For å ha gyldig stemmerett, må kontigenten fram til landsmøtet vere betalt, og nye medlemskap må vere godkjent av LM (godkjerning skal handsamast før andre punkt på sakslista).

OBSERVATØRER (planlegg kor)

I henhold til størrelsen f.x. 1-3 repr.

LM oppsummerer perioden frå førre LM, dreg opp politiske liner og tek standpunkt i saker som kjem forbundet ved, vel landsstyre, oppnemnar revisorar og avgjer tvister.

Vedtak gjerast med vanleg fleirtal. Unntak er a) Endring i forbundsvedtektene og i ~~den politiske delen~~ ^{plattform og vedtekte for dei einshilde kora/korpsa.} Her krevst 2/3 av alle representantane sine stemmer for vedtak.

b) Framlegg i andre saker, når sakspapir ikkje er sendt ut innan fristen. Slike framlegg kan stemmast inn på saklista med 2/3 fleirtal, og for vedtak krevst absolutt fleirtal.

16/1

Ekstraordinært landsmøte skal innkallast dersom minst 1/5 av kora/korpsa krev det, eller når landsstyret finn det naudsynt. Slikt landsmøte, som ikkje kan vedta endring i forbundsvedtektene eller i ~~den politiske delen~~ ^{plattform og vedtekte for dei einshilde kora/korpsa}, kan innkallast med 3 vekers varsel. Slikt landsmøte avgjer saker som er kunngjort ved innkallinga med vanleg fleirtal, og kan ta opp innstemte saker etter reglane for ordinære landsmøte.

LM avgjer landsmøte og vedtekter for LM 2/3 av kora/korpsane i forbundet er kopierte. Utgiftene til landsmøte blir utligna på alle kora/korpsane i forbundet i høve til medlemstalet.

LM velger ~~for~~ LS, formann separat, ~~og~~ ^{et sekretariat som} ~~og~~ ^{teke seg av den daglege} ~~og~~ ^{drifta.} Under vedtak: Ved stemmelikskap reknast framlegget som ikkje vedteke.

Landsstyret (LS) er øvste organ mellom landsmøte. ^{LS sammensett av dei mest framskredne og mest aktive medlemmene} LM avgjer kor mange som skal sitte i LS (3 personer (formann, kasserer, redaktør og styreleder)). LS er geografisk samla. Landsmøtet avgjer kvart LS skal veljest frå og halde til. ^{med 2/3 fleirtal} Landsstyret kan supplere LS med medlemmer, desse får de 1/3 av styreleda. ^{med 2/3 fleirtal}

Pol-tiliande

AM som er den daglege leiinga

~~Formann velger separat.~~
Nominering: Kora/korpsa nominerer 5 av sine egne til LS. LS kan smøretjast av folk frå fleire kora/korpsa om desse arbeider nær kvarandre. Kora/korpsa nominerer 1 av dei 5 som leiarkandidat, denne må vera utbending. Resten av styret fordeler oppgåvene seg imellom. ^(Regionale regionssekretarar veljest blant dei nominerte.)

LS vel opp halvårsplan for LS-møte. ^(Regionssekretarane har ikkje skyldplikt, men skal sendast sakspapir og møtereferat.)
LS ^{er ansvarleg} for løysinga av oppgåvene til forbundet, og skal følgje opp vedtak frå landsmøtet.

-LS kan vedta politisk/Økonomisk stønad til aksjonar, og fråsegner alles lyd på plattformen og landsmøtevedtak.

-LS kan påleggja medlemane å koma fram til standpunkt til ei sak gjevnast i løpet av ei gjeven frist. LS kan oppfordre (påleggje)? medlemane til å synge særskilte sanger og ta del i særskilte aksjonar.

-LS skal føre nøye rekneskap og leggja fram revidert rekneskap på ordinært landsmøte, saman med oppsummering av perioden, og plan og budsjett for neste periode.

7. Sekretariatet består av sekretær, notisgjef, reiseinstruktør, kontor i Oslo. Sekretariatets oppgaver: se till. pkt. 2

a) Korrespondent skal koma minst 2 gonger i halvåret. Bladet inne-
forbundet skal ha eit medl. blad som held halvårsplan for og referat frå landsstyremøta, fråsegner frå

stilskilte/ ~~korps~~ ordskilte og utveksling av røysaler og stoff mellom medlemane, utdrag av halvårsmeldingar, oversikt over gammalt og nytt i notesamlinge, og anna stoff som kjen korarbeidet ved. Sekretæren hjå kvart medlemskor/ ~~korps~~ er avisansvarlig og korrespondent for sitt kor/ ~~korps~~.

b) Notesamlinge, til bruk for alle medlemar, gamle som nye, skal innehalde noteeksemplar av alle arrangement og sanger som brukast i forbundet. Såleis skal noter på alle sanger og arrangement som vert laga/takne i bruk i forbundet sendast i ~~to~~ eksemplar til notesamlinge, som (alt etter om opphavsfolka godkjenner det) kan trykke opp og sende stilskilte/ ~~korps~~ eksemplar av arr./sanger til kor eller ~~korps~~ som ønskjer det, koret/ ~~korps~~ må sjølv syte for mangfoldiggjering. Notesamlinge skal nyttast kritisk og aktivt for å fremje eit best mogleg sangrepertoar politisk og kunstnerisk innanfor forbundet, og såleis innanfor den progressive rørsla i Noreg.

8. Forbunds-kontigenten betalast pr. medlem pr. halvår (innan 1/10 for hausten og 15/2 for våren). Forbunds-kontigenten vert fastsett av landsmøtet. Landsstyret kan i særskilte høve endre kontigenten i perioden, dette skal grunngjevast for medlemane.

Når medlemskor/ ~~korps~~ har inntekt av framføring, skal 25% av inntakta gå til forbundet, om ikkje anna avtale er oppretta.

9. Andre plikter og rettar for medlemskora/ ~~korps~~as: innan 15/6 og 15/12

Kvart medlemskor/ ~~korps~~ sender halvårsmelding til landsstyret, og melder raskt reakt frå om det skjer ting innanfor koret/ ~~korps~~ sitt arbeid/arbeidsområde som kjen heile forbundet ved.

Kvart kor/ ~~korps~~ kan når som helst reisa framlegg for forbundet, og har rett og plikt til å kritisera landsstyret og krevja oversikt over

Skal dette vedteke?

landstyret sitt arbeid. ~~Forbundets årsberetning skal offentliggjøres i forbindelse med årsmøtet, offentliggjøres i forbundet.~~

10. Samarbeid: Med utgangspunkt i kva som tener forbundet sitt formål, samarbeider forbundet med andre organisasjonar og aksjonar, til vaneleg på sats, og i særskilte høve ved organisatorisk tilslutnad. ~~Forbundet søke å etablere kontakt med utlandske organisasjonar med tilsvarende formål.~~

11. Twister i forbundets:
Tolking av vedtekter: I tvilstilfelle avgjer landsstyret tolkinga. avgjerde kan ankast til landsmøte. Det same gjeld for andre twister innanfor forbundet.
~~Medlem i forbundet skal ikkje gå til offentlege atak på forbundet eller nover del av det.~~

12. Forbundet sin eigedom.
a) Ved utmelding av medlemskor/*korps*: Forbundet har inga krav på noter eller medlemsaviser utsendt til koret/*korset* så sant kontingenten er for siste halvår er betalt. Opphevsfolk kan krevja innsende sørgar og arrangement laga i koret utlevert frå notesamlinga. Innbetalt kontigent blir ikkje betalt attende.
b) Ved nedlegging av kor/*korps*: Som ved utmelding.
c) Ved uteløkking av kor/*korps*: -"- -"- -"-
d) Ved oppløysing av forbundet: Landsmøtet avgjer kvar og korleis eigedom og midlar skal fordelast.

13. Oppløysing av forbundet kan berre vedtakast på ordinært landsmøte, ved at 2/3 av alle medlemskor/*korps* stemmer for.

KULTUR SOM VÅPEN

Korleis kan ein soldat kjempa utan å kjenna våpenet sitt? For dei rande borg er det nå heilt naudsynt å gå nærare inn på spørsmålet om kva kultur er for noko, og korleis han fungerer i klassekampen.

Berge av tankane i dette notatet er ferske for oss som skriv, men me kvi oss likevel Ksian for å bringa ordskiftet så langt frametter som råd. Kritik er sjelvsagt velkomen.

ALMENN, SEREINNT. Alt som finst i verda (alle ting, alle hendingar) har sitt særdrag, tek visse særskilte former; Sanninga er alltid konkret. Laga du ein ting vil tingen få sitt særdrag ut i frå kva du ønskjer å laga og korleis du meistrar vilkåra for å laga tingen. Samstundes har alle ting eit eller fleire drag same med andre ting; ein stol liknar ein annan stol osv. (difor har dei same namn, omgrep). Alle ting, alle hendingar, alle handlingar har drag som er særne, drag som er allmenne.

Arbeiderklassa er ulik borgarskapet, men bae er klasser. Den eine arbeideren er ulik den andre, men av di bae er arbeidarar kan dei på grunnlag av dette allene, som sameiner dei, gå til same kamp mot borgarskapet, som rettsak og er ei klasse, men ei klasse med motsette interesser av arbeiderklassa.

SOGE. Oppgjennom soga har menneska (så lenge dei har funnest) alltid slege seg saman i større og mindre grupper for å overleva, for å produsera det dei trengte og forsvara seg mot onverda. På eit visst trinn vart desse samfunn splitta i klasser, overklassa kasta seg opp til å leva på ei anna klasse sitt arbeid. Med framveksten av borgarskapet vart det dannet nasjonalstatar, småsamfunn vart slege saman og utvikla same språk og økonomi m.m. I dag femner imperialismen over landegrensene, supermaktens freistar kontrollera og utplyndra verda, og samstundes veka det fram ei rardle av undertrykte nasjonar og folk i alle land, som med arbeiderklassa i spissen gjeng til stormåtak på det imperialistiske borgarskapet, den siste utbytter-klassa verda vil få sjå.

KULTUR. På alle desse trinna av soga har gruppene (klassene, nasjonane, rerslene) utvikla særskilte drag, drag som har kjenneteikna gruppa, tent til å halda ho saman og skilje ho frå andre grupper. I starten var desse draga sikert eit uodvite resultat av at menneska produserte saman, lærte av einannan osv., men etterkvart som dei folk klarare for seg korleis slike drag kunne styrke samholdet, som var naudsynt for å overleva, gjekk dei meir medvite til verks for å styrke og utvikle slike drag. Særskilte måtar å t.d. bygge hus, kle seg på, omgåast på, tenkje på vart sette i system. Uodvite tradisjonar vart medvite, tru og innarbeide vaner vart påbod.

KLASSEKULTUR. Overklassa sytte for å utvikle eit levestett, ein overklassekultur som var uopnåeleg for underklassa og samstundes pådytta underklassa som ideal. Dei undertrykte klassene utvikla og sin kultur, sine egne særdrag, sitt eige syn på tilheva, men i smug, undertrykkinga gjorde at dei ofte såg ned på sin eigen kultur. Såleis vart dei lette å splitte, og på overflata fekk overklassekulturen rå. Sidan overklassa hadde makta og rikdomen forvalta dei og skriveteksten og musea, og kunne såleis gje ettertida inntrykk av at dei aldri hadde funnest annan kultur enn deiira, at dei er færebiletet for alle. Dette er ei dobbel legns.

Ikke heure har dei undertrykte klassene alltid hatt sin eigen kultur. I tillegg har overklassa alltid stole som romnar frå denne kulturen, luka ut det som var plagsomt for dei, og utgjeve resten som sitt eige. I vår tid, då borgarskapet som overklasse stand endynes den sterkaste underklassa verda vil å sjå, nemleg proletariatet, får me i tillegg oppkjøpt og forflata underklassekultur servert som "Underklassekulturen", endatil som progressiv og "revolusjonar" kultur, for å avspore arbeiderfolk (isar ung-

dommen) og halda dei unna den verkeleg progressive og revolusjonære kulturen som kan hjelpe arbeidarklassa i å gjennomføre sine historiske oppgaver.

Slik ser me at klassekampen gjer seg gjeldande innanfor kulturen likeins som på alle andre område: Overklassa kjempar for livet sitt som overklasse, og nyttar alle middel.

DEFINISJON. Med kultur meiner me altså menneskeproducerte drag, former, som kjenneteiknar ei gruppe (stamme, klasse, nasjon, rørsle) og som tener til å styrke samholdet blant medlemene. (Dette er ei vid oppfatning av 'kultur', noko me meiner er naudsynt.) Kvar kjem så korsangen inn?

KUNSTEN er eit særskilt felt av kulturen: Menneska lagar avspeglingar av verda, uttrykk for korleis me oppfattar og opplever verda (oss sjølve medrekna). Dette gjer me ikkje berre for "more skuld", men for å hjelpe oss sjølve og einannan til betre å rå over tilhøva i naturen og samfunnet, for å skjerpje evnene våre til å oppfatte og organisera, for å koma til sams oppfatning av tilhøva og kva som må gjerast. Kunsten er såleis ideologiske former, læremiddel, propaganda, agitasjon, organisering. Gjennom å avspegle visse menneske si oppfatning av verda har han i dag alltid eit politisk standpunkt.

FORMSPRÅK. Kunsten fungerer samstundes som "pynt": me nyt fargar, former, klanger osv., og somme meiner dette er hovudsaka med kunst. Me ser det ikkje som noko mystisk at samspel mellom inntrykk me får og prosessar i kroppen vår får oss til å trivast godt eller dårleg. Kunstlagning bygger på kunnskap om korleis ulike form/farge/klang/stemming/framferd/utvikling (osv.) verkar på ulike folk: kunstnaren gjer eit meir eller mindre medvite val av verkemiddel for å påverke folk i ei særskilt lei. Formspråket er ikkje så eintydig som tale/skriftspråket, men av di det påverkar folk sine tankar og kjensler blir ei utsegn i formspråket aldri heilt nøytral politisk når ho stend i konkret samanheng. Dei einskilde verkemidla får meining ut frå samanhengen dei stend i i kunstverket, og i folk sitt medvit, i samfunnet.

KORSANG er ei samansett kunstform som nyttar tekst og fleirstemt sang, med alle verkemidla som finst innanfor dette. Folk vert dessutan påverka av samanhengen dei høyrer koret i, av korleis koret ser ut, om det er stort, korleis medlemene ter seg osv. Det er altså ikkje berre teksta, men og musikken, utsjånaden, framferda til koret som påverkar folk politisk, rettnok i ulike grad. Understreking av likskap bind folk saman. Tradisjonar bind folk saman. Sams reynsler bind folk saman. Er ikkje samhold eit politisk spørsmål? Visst er det det (men ein må dessutan spørje kva for grunnlag samholdet bygger på, kva det toler). I tillegg tener teksta og dei andre verkemidla til å gje folk nye og kanhende klarare tankar og kjensler om tilhøva dei og andre lever under, om kva som kan og må gjerast, og skapa entusiasme for å gå til handling: Korsang er agitasjon og propaganda. Akkurat som einkvar handling og tanke i dag tener ei særskilt klasse, så tener kunsten i dag alltid den eine eller andre klassa. Upolitisk kunst finn du ikkje.

BORGARLEG KUNSTOPPFATNING. Borgarskapet gjeng til åtak på dette standpunktet på fleire vis, for å dekke over klassemotseiingane i samfunnet og gjera sin eigen kultur til rådande kultur overalt. Dei seier at pyntfunksjonen, at den kunstneriske 'kvaliteten' er alt som tel. Dei seier at kunstframføring er hyggestund som ikkje må øydeleggjast med politikk. Dei let som om det viktigaste ved kunstnerisk kvalitet er at kunsten er vanskelig å framføre, at kunsten ikkje må ta parti og splitte publikum osv. Somme av dei seier (Fliflet Brøin sa) åpent at borgarskapet har laga den mest framskridne kunsten, og freistar åpent å få oss til å tilbe borgarleg og føydal kunst som eit førebilete. Somme gjer det fordekt, berre let som om det er ei naturleg sak.

Me, som vil utvikle og bruke kunst og kultur som tener arbeidarklassa i kampen for eit klasselaust samfunn, må avsløre dette. Me må syne at det er ikkje snakk om å blanda politikk i kunsten - han er der alt. Me må syne at all kunstframføring er agitasjon, sjølv i "hyggestunden". Me må avsløre den rotne politikken i den strauformige borgarlege og imperialistiske kulturen og syne at det politiske standpunktet er overordna. Me må åpent

stilla oss på arbeidarklassa si side, ikkje mumle om at "her burde kanskje vore gjort noko".

Me må sabotera borgarskapet sine freistnader på å nytta kunsten og kulturen til å splitta folket og til å leggja den ideologiske grunnvollen for klassesamarbeid, - og sjølve nytta kunsten og kulturen til å fylke alle delar av folket rundt arbeidarklassa i kamp mot borgarskapet og imperialismen.

BORGARLEG KULTURPOLITIKK. Borgarskapet, med monopolborgarskapet som kontrollerar staten i seissen, kontrollerar produksjonsmidla i Noreg i dag, og kan nytta dei og staten til å pose ut sin eigen rotnande kultur og kunst, på arbeidarklassane, gjennom butikane, gjennom skuleverket, gjennom kringkastinga og avisene, ved konsertar, kino og andre tilstellingar osv. Dette gjer dei både for å oppretthalda ideologisk herredøme, og for å hente profitt der dei kan.

Ta eit dome frå kulturen: Motegalskapen (ikkje berre i klesvegen) har to oppgaver - å auke omsetninga og å splitta folket kulturelt, gjera det vanskelegare for vanlege folk å sjå at dei har same interesser som stend i motstrid til borgarskapet sine.

Ta eit dome frå kunsten: Platemarknaden - korleis dei støtt og stadig lanserar nye artistar med brask og bram, for å pressa siste slanten ut av kjøparane, og samstundes knyte dei ideologisk til ufarlege strevarideal, draumen om å bli toppartist og leva det livet dei fortel om. Kor mykje trur de rock- og popmusikken har hatt å seia for å trygge USA/NATO sitt grep om Noreg, i tillegg til alle millionane han har ført ut or landet? Kven har ikkje opplevd å sjå ned på norsk "johan"-musikk og opp til Stones eller Beatles? Er det tilfeldig at gammaldansen har fått nytt oppsving blant ungdommen parallelt med den antiimperialistiske kampen?

STATEN. Profitt og kontroll kan stå som stikkord for den borgarlege staten sin kulturpolitikk og. I samband med EEC-kampen vart norsk folkeleg kulturverksemd, og især den progressive kulturen, styrka. Kampen mot raseringa av landsbygda, mot raseringa av grunnlaget det materielle grunnlaget for høgt utvikla norske kulturtradisjonar, vart skjerna. Det nasjonale medvitet voks, og staten hadde drygt halvparten av folket mot seg i avstemninga. Så, i løpet av hausten og vinteren 73-74, slog dei til med ei kulturmelding og lovnader om større løyvingar til folkeleg kulturarbeid. Me har sett kva det vart til i praksis: Fleire pampar, auka kontroll, hardare kamp om smulene.

Folkeleg kulturverksemd er jastover lite profitabel, men det er viktig for dei å slukke gneistane som dukkar opp. At dei ikkje har greidd dette siste, kan dei raude kora stå som prov på. Likevel har dei stramma til grepet fleire stader, i skulen og ikkje minst i kringkastinga. Innstramking av ytringsfridomen blir raskt til åtak på kunsten og kulturen, og me har truleg verre ting i vente ettersom klassekampen skjerpas seg: Jfr. Vest-Tyskland der det etter 1. mai i år (då den 14. strafferettsendringa vart sett i kraft) tyder fengselsstraff om ein så mykje som ytrar stonad til noko som kan tolkast som "valdshandling" mot det offentlege (dvs. mot borgarskapet, staten og deira interesser) same om ytringa kjem som skrift, ord, tone eller bilete. Og kven har ikkje høyrte om forbodet mot toppløve under krigen? Nok eit prov på at kulturen og kunsten er politisk.

YRKESKUNSTNARANE OG KULTURARBEIDARANE. Kva med folk som har yrket sitt innanfor kunst og kultur i Noreg i dag, arbeider ikkje dei i hovudsak med å spreia borgarleg og imperialistisk kultur, korleis vil dei stilla seg til arbeidarklassa sin kamp for eit sosialistisk Noreg, og korleis skal me stilla oss til dei? Det er rett at dei fleste yrkeskunstnarane og kulturarbeidarane har i oppgave å tena norsk og utanlandsk borgarskap, men på langt nær alle gjer det med glede, og enda færre kan seiast sjølv å høyre til borgarskapet. Mange av dei har svart dårlege levekår, noko kunstnaraksjonen fekk fram i lyset. Samstundes fortel denne aksjonen at dei er viljuge til å reisa kamp mot staten for å betra desse levekåra. Somme av dei stiller seg i dag åpent på arbeidarklassa si side. Det er viktig at me står ikkje berre desse siste men alle som er viljuge til å slåst mot den

sams fienden vår. Men dette må ikkje fare til at me legg ned kampen for desse sin vilje, rett og høve til å la a la kultur som tenor arbeidar-klassa sin kamp for sosialismen, som tenor folket og ikkje borgarskapet. Me må heile tida forsvare og utvikle kunsten som åpent stiller seg på arbeidarklassa si side, som åpent lars fram dei langsiktige måla homnar og forsvavarar og oppfordrar til høve for desse.

Me treng både sams front mot fienden, og ideologisk kamp i fronten. Slik må standpunktet vårt vera til både "amatørar" og "profesjonelle".

VÅR EIGE ARBEIDE. Me har snakke om kulturen og kunsten som ideologisk våpen, som middel til å avsløre/tildække motseiingar, klar gjera/forvirre tankar og kjendler, som middel til å styrke/sveike politisk einokap. Dei raude kora må ha til oppgave å isolera borgarskapet, imperialismen og deira trugne tenarar frå arbeidarklassa og folket, og fylke alle delar av folket rundt arbeidarklassa i kamp mot dei fyrste, for eit sosialistisk Noreg. (Me er sjølvsagt ikkje aleine om den oppgava.) Slagordet vårt må vera: Kjarleik til folket - hat til fienden. Under dette må me og styrke solidariteten med undertrykte nasjonar og folk elles i verda, og med dei sosialistiske landa, der arbeidarklassa har makta i dag. Me må stø kulturen til venene våre, bruke og utvikle den politisk mest framskridne kulturen, og kjempa mot fienden sin kultur så langt me maktar.

VÅPENREINA VÅR. Snakkar me fyrst om kultur som våpen, fell det og naturleg å snakka om våpengreiner. Dei raude kora er for eit slag infanteri, fotfolk, å rekne, vopna med fleirstemt sang og scenisk framføring: folk høyrer og ser oss, dei er i same rommet som oss, me kan nå dei på sangfalding vis, og me kan nå dei bortimot personleg. Me er i stand til å viske ut grensa mellom utovar og tilhøyrar (allsang). Me er lovande nenneske på scena eller golvet, me kan ta i bruk dramatiske verkemiddel, me kan ta i bruk instrument. Det er mest utruleg kva me kan gjera, om me set fantasien i sving og er flinke til å organisera. Med trening vil me bli ei godt utstyrt "kravdeling".

FRAMFØRING. Politikken er overordna teknikken: Kva skal me gjera? Korleis må me nytta verkemidla våre, korleis må me bygge opp ei framføring, for å styrke kjarleiken til folket og hatet til fienden? **REPERTOARET**, sangane våre og dei andre innslaga våre, må veljast/lagast med flid: Kva for saker, tankar, standpunkt er det viktig å ta opp, sinne folk på, saule dei om i den konkrete stoda? (Somme sangar er aktuelle støtt.) Framføringa bør hjelpe folk til å sjå ikkje berre delen men og heilskapen i det som hender. Me bør vera gjennomsyra av ei klar oppfatning av kven som er ven og kven som er fiende, av kva som bør gjerast og kva som ikkje bør gjerast. Stenad til arbeidarklassa sin kamp mot borgarskap og imperialismen bør vera kjerneinnhaldet, som resten dreier seg rundt og stor opp om.

I **UTFORMINGA** bør me leggja vekt på drag som understrekar og styrker sam-haldet i arbeidarklassa, mellom arbeidarklassa og folket elles mot borgar-skapet, mellom folket i Noreg og undertrykte nasjonar og folk i andre land mot imperialismen; drag som folk kan kjenna seg att i, som gjer det lettare for dei å sjå interessene dei har sams med resten av folket og folka i an-dre land, som hjelper dei i å mobilisera dei beste eigenstapane sine i kampen, for å vinna siger. Utforminga og **UTFØRINGA** bør sjølvsagt ha den beste kvali-teten me er gode for. Ikkje berre teksta og sangen, men heile uttrykket, er med og avgjer verknaden, smastundes som nokre sider veg tyngre enn andre, både politisk og kunstnerisk. (Publikum er ofte viljug til å sjå gjennom fingrane med feil og veike sider i framføringa, dersom det me gjer til hovudpoeng er bra eller kanhende berre bra acint, men grensa for godviljen skifter frå høve til høve, og det er ingen grunn til å ta tilfeldige sjansar på å bli avvist av vanlege folk og/eller omfanna av borgarskapet dersom me er i stand til å laga ei politisk klar og eintydig, i alle detaljar gjennom-ført og overtydande framføring.)

Me vil nå ta opp nokre særskilte spørsmål her, spørsmål som dei fleste for eller sidan kjem borti, og leggja fram vår meining.

1) **Å STÅ PÅ EIGNE FØTER KULTURELT.** Sangane og innslaga våre tek me ikkje or lause lufta. Dei er (eller vert) utvikla på grunnlag av tidlegare sangar og innslag og livet til vanlege folk. Kulturen vår har røter i tidlegare kultur.

Men bør me bygge på kva for grunnlag som heilt? For å stilla dette skarpt vil me sjå på spørsmålet om rock- og popkulturen (dei omfattar ein livsstil, ikkje berre musikk). Denne kulturen er utvikla i dei imperialistiske landa, især USA og England, i dei siste 20 åra, og monopola lanserar han overalt som ein ungdomskultur. Store delar av norsk ungdom (me som skriv dette og er flaska opp på han, fyrst som importvare, seinare heimolaga. Somme meiner difor at denne kulturen må utgjera eit tyngdepunkt i den norske progressive kulturen frametter... Me meiner dei tok feil. Kvifor? Me kan godt nemne eigenskapar ved musikken (lagt til platemonopola, krever utstyr som bind musikarane til borgarskapet, splittar generasjonar, isolerar (atomiserar) publikum med høgt lydnivå, fremjar solistdyrking osv.) som aleine gjer denne lite brukande. Men desse somme gjer i tillegg to prinsipielle feil.

Når dei peikar på at denne kulturen har grobota i ein del av arbeidarklassa, glemmer dei å stilla det overordna spørsmålet: Korvidt kulturen tener arbeidarklassa, om han styrker eller svekker dei ra vilje og evne til kamp mot borgarskapet og imperialismen. Vår oppfatning er at denne kulturen, prega dels av "la skure"/dagdrivarhaldningar og dels av "mykje skrik og lite ull", oppkjøpte og forflata restar av spontane protestar frå ungdommen mot "det etablerte", i dag tener til å fora arbeidarklassa og folket på avvegjar.

For det andre påstår dei at denne importerte kulturen kan erstatta dei nasjonale kulturtradisjonane våre. Me vil påstå at ikkje eingang den kjempande kulturen frå frigjeringskrøslene i andre land kan erstatta dei nasjonale røtene våre. Me må bygge opp vår eigen kjempande kultur, i framhaldet av vår eiga søge, våre eigne tradisjonar. Internasjonal solidaritet tyder å stå på like fot. Borgarskapet er dessutan viljug til å selja nasjonen vår (jfr. EEC-kampen), han må forsvarast mot imperialistisk undertrykking. Berre ved å leggja dei nasjonale røtene til grunn kan me fullt ut frigjera kreftene i folket i Noreg, sveisa det saman. Å gje dei nasjonale røtene annanrang er å åpne landet for imperialistane.

Arbeidarklassa må stå i spissen for den kulturelle fronten i Noreg og. Har så den norske arbeidarklassa eigne brukande kulturtradisjonar mellom bondekulturen og rock- og popkulturen? Visst har dei det: Kva for tradisjon trur de sangar som From Kamerator, Rød Front, Arbeidarsarsj (Från! Från!) høyrer til? Grav, så skal de finna meir. DMA har på ingen måte greidd å vatna ut alt, sjølv om dei har fått folk til å leggja mykje bra på hylla, og gått i spissen for å sleppa inn imperialistkulturen.

Gjennom framveksten har arbeidarklassa sjølvstøtt lånt både melodiar og anna frå eine og andre kanten, men lånet har blitt ordna inn under den politiske funksjonen, og dei har ofte laga poeng på motsetnaden til det opphavlege innhaldet. På eit slikt grunnlag er heller ikkje me imot lån. Hovudsaka er at me blir ståande på eigne føter, kulturelt som elles.

2) "FRAMFØRING" og/eller "UTLOYSAR". Det finst ulike liner for kva for taktikk ein skal nytta ved framføring, ved kulturell påverknad. Og som alltid ser ein at dei som køyrer i grofta på eine sida forsvarar seg med å peika på grofta på andre sida: I redsle for at eit standpunkt vil vera for framskride, slik at folk vil avvise det, ikkje sjå at det angår dei sjølve, ikkje ta det alvorleg, er det somme som argumenterar for at ei framføring ikkje sjølv bør ta ope og eintydig standpunkt, men berre på underfundig vis loysa ut folk si eiga tankeverksemd. "Folk blir duane av å få servert fasitsvar og få ting inn med skeier", seier dei gjerne, "folk må få finna målet på eiga hand". Argumenta synest kanhende tilforlatelige i fyrste hand, men i reynda brensar dei arbeidet med å bygge ideologisk kampeinskap blant vanlege folk. Me meiner dei blandar strategi og taktikk, gjer taktikken til strategi, gjer vegen til målet: Me skal ikkje berre ha folk til å gå, me skal ha dei til å gå i ei særskilt retning - ut av borgarskapet sin innflytnad, inn under den framskridne arbeidarklassa sin innflytnad. Må me ikkje da klart syne kva den framskridne arbeidarklassa stend for, kva ho meiner må gjerast, kvifor det er verd stonad? Strategien, målsettinga vår er å få folk til å gå frå andre standpunkt og over til den framskridne arbeidarklassa sitt. Taktikken må vera å syna dei at vegen ligg åpen, at dei er betre tente med, at det er tvingande naudsynt å gå over til dette nye standpunktet, ikkje å lura dei iver på måfå: Me må vera både førebilete og utloysar.

3) SLAGORDSTIL, DAGLEGSPRÅK, SKILDRING. Dei før nemnde "utløysarane" held gjerne fram med å klaga over språkferinga i sangane våre, over stilen i kunsten vår, at han er for slagordprega. Me er samde i at me treng kunst som meir utførleg skildrar folket sitt liv og arbeid, og at me må ta utgangspunkt i språkbruken og dialekta til vanlege folk der me er. Men me er ikkje samde i at slagord er lite viktige. Slike stutte, fyndige ordleggingar av dei viktigaste poenga, oppgavene, måla våre er svært nyttige knaggar å henge tankane på, gjerne som start- eller slutt punkt for ordskifte. Dei er lette å læra utanboks og koma i hug. Er dei gode rytmisk kan dei ropast i takt av møte-lydar og demonstrasjonstog og såleis stykke samkjensla politisk fleire hakk. Tomme fraser vert slagorda berre for den som gløyser av det politiske innhaldet som ligg i dei, som ikkje gidder undersøke det, eller som ikkje skjønar det. Slagorda høyrer med i dei raude kora sitt arbeid og. Dei kan brukast på mange fine måtar.

4) "NYKJE" og/eller "GODT". Når eit kor startar opp, vil det gjerne opptrå både nykje og godt, opptrå ofte, opptrå for mange, opptrå med stort program og med høg kunstnerisk kvalitet. Røynslene syner snart at kreftene strekk ikkje til for alt dette, ein må prioritera, gjera eit politisk val av korleis arbeidet skal rettast inn, *kva for rolle koret skal spela.*

Dei raude kora har særskilte føremål - og særskilte røynsler: Me kjenner alle koret som får seg tildelt å syngje to-tre sangar i pausa eller på slutten av møtet, som stiller opp for trøttande gangen for omlag same møtelyden og syng dei same såvidt innlærte sangane, eller som mest ikkje er å sjå av di dei framleis held på å øve eller laga plattform eller kva dei no gjer. På det viset blir me ikkje noko sterkt ideologisk våpen.

Me ønsker å styrke kulturen si rolle i det politiske arbeidet, me ønsker å nå breiare ut med rett politikk, me ønsker å laga meir omfattande framføringar, og - me ønsker å vinna dei slaga me gjev oss ut i.

Kva er nykjelleddet i dette arbeidet? Me trur det er kvaliteten på framføringane. (Eit kor med godt ry slepp lettare til.)

Men gå nå ikkje i fella og sei at krav til god kvalitet er krav til borgarleg perfeksjonisme. God kvalitet vil for oss seia at framføringa følgjer rett politikk og taktikk, er i samsvar med vanlege folk sine kjensler og det dei treng for å gå frametter. Held me fast på dette, trur me kora kan utvikle seg frå små og einfelte innslag til store og detaljrike, etter som kreftene veks, gå frå lite publikum til stort og breitt, og heile tida gjera godt arbeid.

- o -

Detta vart langt, og de er kanhende usamde i mangt, men me meiner det er naudsynt å ta dette emnet grundig, å reisa ordskifte og oppsummera kunnskap om desse spørsmåla, dersom kora (og den progressive kulturbevegelesla elles) skal kunna gå raskare frametter og bli ein god stønad for arbeidarklassen i kampen mot borgarskap og imperialismen - om framtida.

Spørsmål til ordskiftet kan vere:

- Kvifor er du med i koret (korleis ganngjev du det politisk)?
- Korleis meiner du koret påvirker folk me opptrår for? (ta utgangspunkt i eigne røynsler, drøft andre slag framføringar o.l.)
- Er det rett taktikk å leggja fram ei klart standpunkt for publikum?
- Er det rett at kvaliteten på framføringane er nykjelleddet i arbeidet vårt (dvs. det som avgjer om me skal nå dei andre måla, og som arbeidet vårt elles må innrettast etter)? Eller er det t.d. arrangørkontakten utetter?

Og over lengre tid:

- Er de samde i vurderinga vår av rock- og popkulturen?

Tilleggs litteratur Mao Tsetung: Taler på Yenan om litteraturen og kunsten for interesserte: Om motsigelsen
 Plechanov: Om personlighetens roll i historien

J. E., Trondheim.

SOVIET - EIN SOSIALIMPERIALISTISK STAT?

Svarsmålet om Sovjet er mangfaldig og sammansett, ein kan fort rote seg. Et så vidt, som har diskutert kose ulike langt i ordskiftet om dette spørsmålet, og har forskjellige problem å løyse. I dette materialet freistar me svar. Kortfattede å stride inn kjerna i spørsmålet, kva som er avgjerande for dei røde korr, og summarisera det standpunktet me meiner er rett.

SPØRSMÅL OG SVAR

A. Noe som er kjerna som internasjonale stoda. Det norske borgarskapet er sterkt knytt til, sammenslutta med, utanlandsk imperialisme. Militært er det sterkt knytt til USA-imperialismen gjennom NATO, som har klare planar om å slå til her i landet når arbeiderklassa og folket freistar gripa makta frå borgarskapet. Imperialismen er ein internasjonal fiende, ein fiende av arbeiderklassa og folket i alle land. Om folk i andre land kjempar mot og svekker imperialismen, er det til vår fordel. I tillegg til sjelve å kjempa mot imperialismen i Norge må me fordøye imperialistane og stø den antiimperialistiske kampen i alle land. Og da må me vita kven som er imperialistar og kven som er antiimperialistar, kven som er fiendar og kven som er vener.

B. Spørsmålet om Sovjet er i dag hovudspørsmålet for alle antiimperialistar. Kampen mot USA-imperialismen var i lang tid etter siste verdskrigen det ein vurderte folk og rørsler etter. Eittersom Sovjet på 60- og 70-talet har vokse opp på sida av USA i styrke, har opposisjonene til USA-imperialismen blitt stadig klarare felt i to hovudlagre: For ellier inni Sovjet som alliert mot USA. Spørsmålet ulnar i dag i alle ordskifte om internasjonale spørsmål. Spørsmålet om Sovjet, standpunktet til Sovjet utgjer i dag eit vasskilje blant folk som kallar seg antiimperialistar, blant folk som kallar seg progressive. Heller ikkje dei røde korr kjen utanom det, som praksis har synt.

- Kvi for? Fordi
- Sovjet er i dag den einaste (militær-)makta i verda som kan måle seg med USA.
- Sovjet var den fyrste sosialistiske staten i verda. Han var i lang tid den viktigaste internasjonale stønaden og førebiletet for kjengande arbeidsfolk i alle land, og nyt ennå godt av rykt dette skapte.
- Sovjet gjer i dag svært mange ting i politikken sin både heime og ute som me ikkje vil godta har nok med sosialisme og antiimperialisme å gjera
- Pro-imperialistar og reaksjonære kan i dag nytta Sovjet (og COMECON-landa) som dokumentert dome for å svarte sosialismen og svekke den antiimperialistiske kampen
- Sovjet grip så for kvar dag stadig meir aktivt inn i alt som hender rundt om i verda, du kan knapt ta standpunkt til ei hending lenger utan å ta standpunkt til Sovjet

Samme freistar framleis å skuva spørsmålet til sides, svfele det som framgel mellom Sovjet og Kina, mellom SV/NKP og AKP(m-l), krevja einsskap på "vinstrosida". Men kan det finast levande einsskap tvers over dette spørsmålet i dag? Kortsamlingsstatologen sa det slik: "Det er reist. en påstand om at Sovjet er ei aggressiv imperialistisk supermakt som utbytter og undertrykker verdens folk i fredstid og som er en alvorlig trusel for verdensfreden. Har et kor sov stiller seg på klassekampens grunn lov til å la være å sa stilling til dette? Ivert om - om påstanden er riktig, må det være et av de mest brannende spørsmåla for arbeiderklassen og dermed også for Rødt Var." (s. 11-12.)

SPØRSMÅL

Meiner me må stillast slik: ER SOVIET I DAG SOSIALISTISK ALLER SOSIAL-IMPERIALISTISK? (Socialimperialisme: når ein pratar sosialisme og praktiserar imperialisme, imperialismen med kamouflasje av "sosialistiske" fraser og kortforklaringar.) Finst det andre alternativ? Me trur ikkje det.

Somme har sett fram teoriar om ei "betar" og "goko" midt i mellom, eitslag "OVERGANGSSAMFUNN" mellom imperialisme og sosialisme. Me meiner at desse "teoriane" både bygger på og spreier forvirring om kva imperialisme og sosialisme er, og tenor til å hindra oppklaring av årsakene til Sovjet sine overgrep dei seinare års. ("Teoretikarane" har da og måtta vike på floire av kronargumenta sine, jfr. oppsummering i Hva M^o Gjøres nr.1-76. Nærare interesserte kan lesa Kontrast 51 og 53, og tilsvaer bl.a. i Materia-listen 6 og 7 og Hva M^o Gjøres nr.5-75.)

AVGJERANE KJØPSTESIKK

Skal me avgjera om Sovjet er sosialistisk eller imperialistisk, må me fyrst gjera klart kva som er den avgjerande skilnaden på dei to samfunnstypene. Gjer me ikkje det, blir me lette å tippe av pinnen om nokon vil køyra oss på standpunktet (sjølv om mange sikkert vil tippe rett, etter det dei har sett av Sovjet sin praksis seinaste åra). Kva er det me sorterar ut Sovjet etter, til sjuande og sist?

- Ikkje er det kva dei kallar seg sjølve. Reklame er så mangt. (Jmfør DNA.)
- Ikkje er det kven dei har diplomatisk samband med. Socialistiske land ønskjer samband med alle, så mar som folkerettsleg ulovlege statar, dvs. reine settler/okkupantstatar så som "Israel", "Rhodesia" og "Ser-Afrika".
- Heller ikkje er det talet på krigsskip, prisane dei tek i utanriks-handelen, våpenprofiteringa, presset mot 200-mila, Barentshavgrensa og norsk suverenitet på Svalbard, eller den framhaldande okkupasjonen av Tsjekkoslovakia, sjølv om alt dette er viktige, svært viktige, teikn på kva for ein me har med å gjera, kva som er karakteren av Sovjet i dag.

Nei, la oss like godt gå heilt til botnen: Kva er imperialisme? Kva er drivkrafta bak handlingane til eit imperialistisk land? For eit kor som slåst mot imperialismen og for sosialismen må det vera både naturleg og naudsynt å gå nærare innpå og skaffa seg kunnskap om dette.

IMPERIALISME vil seia kapitalisme som er utvikla såpass langt at det er danna avgjorte monopol i økonomien, monopol av finanskapital (industri + bank) som har brukt opp høvet til profitabel utviding i heimlandet, og er tvinga til å trengje inn i økonomien til andre land for å sanke meir profitt. Monopolborgarskapet er den sterkaste delen av borgarskapet, dei kontrollerar og nyttar staten til sin føremøn i inn- og utlandet. Dei har valet mellom utviding eller økonomisk krise, og difor jaktar dei kynisk på maksimal profitt kvarsomhelst, og nyttar alle middel dei har for å rydja unna det som stengjer dei frå denne profitten, som dei skaffar seg både ved handel, statslån og direkte investering. (Sjå Lenin: Imperialismen.) Dei er ute etter profitt og kontroll. Økonomien pressar dei til å kjempa for verdsberednet, som berre den sterkaste kan vinna.

Sovjet-økonomien er langt sterkare monopolisert og brukar staten langt meir direkte enn noko imperialistisk land i vest: Ved bygginga av sosialismen vart all industri statseigedom, og storparten er det enno formelt. Dette tyder at dersom det er kapitalisme i Sovjet må det vera imperialistisk kapitalisme. Noko anna er ikkje praktisk mogleg. Spørsmålet blir difor: Er det

SOSIALISME ELLER KAPITALISME I SOVJET?

(Korleis og kva ein må svara på dette spørsmålet er grundig og godt hand-sana i boka av Martin Nicolaus: Restore of Capitalism in the USSR, og me skal difor ta det stutt og oversiktleg.) Avgjerande er:

Kva for produksjonstilheve er rådande i landet - kva for klasse har den verkelege makta i staten og bedriftene - er det arbeidarklassa eller borgarskapet sine interesser som gjeng føre. Konkret:

- Er produksjonen innretta på å skaffa det som arbeidsfolk treng og prioriterar politisk etter ein plan, eller på å skaffa størst mogleg profitt av seld produksjon same kva som produserast?
- Vert arbeidskraft og produksjonsmiddel fordelte (av staten) i samsvar med planen, eller er dei varer som seljast og kjøpast på ein marknad? Er det arbeidarane som med staten i ryggen kan ta del i planlegginga og få avsett ein direktør som ikkje tener dei, eller er det direktørane som med staten i ryggen kan selja og kjøpa produksjonsmiddel slik dei

103

VL3

ønskjer og sparke arbeidarar og dei som er utvann til det? Dette, og ikkje noko anna, avgjer om Sovjet har ein sosialistisk eller kapitalistisk økonomi, om Sovjet er eit sosialistisk eller kapitalistisk land. (Sidan spørsmålet gjøld Sovjet idag, treng me heller ikkje trekke inn det tilhøvet at det tek ei viss tid frå ei klasse har gripe statsmakta til ho har endanna økonomien til sin føremø, i overgangen kapitalisme-socialisme og omvendt.)

Som Nicolaus syner, (serieg i kapittel 14-17,) er svaret eintydig: I Sovjet vart kapitalismen gjenoppretta steg for steg i tida 1957 - 1965. Sovjet har i dag ein fullt utvikla kapitalistisk økonomi, med produksjon for profitt og marknad for arbeidskraft og produksjonsmiddel. Arbeidarane sel arbeidskrafta si som i Noreg. Dette kan dokumenterast av Sovjetiske kjelder, slik Nicolaus har gjort. Sovjetleiarane sin prat om sosialisme og kommunisme i dagens Sovjet er med andre ord løgn.

Slutninga blir: Sovjet er i dag eit imperialistisk land som snykker seg med "sosialistiske" fraser - eit sosialimperialistisk land. Leiarane er representantar for eit nytt (monopol-)borgarskap av direktorar, stats- og partiyråkratar. Sovjet er ein fiende, og ein farleg fiende, av arbeidar-klassen og folket i Noreg og alle andre land. Sosialimperialismen i Sovjet stend på same grunnlag som imperialismen i USA: Utvide eller døy, krig eller krise. Sovjet har same mål og omlag same styrken som USA - det tyder at **SOVJET KAN IKKJE VERA NOKON ALLIERT FOR ANTIIMPERIALISTAR I KAMPEN MOT USA-IMPERIALISMEN - ME MÅ KJEMPA MOT BÅE TO.**

Nokre underoppgåver:

Sovjet og frigjeringskrigene. Sovjet sel våpen o.a. til somme frigjeringskrigsrørsler. Er det eit argument mot slutninga over? Sjølvstyk ikkje. Dersom rørsle sigrar kan eit imperialistisk Sovjet på dette viset sikra seg innpass og kontroll over dei nye styresmaktene i landet. Sovjet er for tida største våpenprofiteren i verda, og Warszawapakta sel ikkje sjeldan våpen til båe sidene (jfr. MPLA/PRLA, palestinarane/falangistane osv.). USA stødde under siste verdskrigen somme frigjeringskrigsrørsler mot andre imperialistmakter. Folkerepublikken Kina sel ikkje våpen, dei gjev våpen til rørsler som fører kamp mot imperialismen.

Sovjet og den norske reaksjonen. USA-imperialismevenene i Noreg seier og at Sovjet er eit trugsmål. Med det meiner dei at Sovjet er eit trugsmål mot USA-imperialismen sine interesser i Noreg. Samstundes seier dei at Sovjet er sosialistisk eller kommunistisk, for å få arbeidarklassen til å gje opp kampen for sosialismen. Ingen må la seg forvirre av det. Standpunktet vårt må vera at Sovjet av di det nettoop ikkje er sosialistisk, men sosialimperialistisk, er eit trugsmål både mot USA-imperialismen (som me sjølvstyk ikkje aktar å forsvare) og fyrst og framst mot arbeidarklassen og folket i Noreg og alle andre land. Dette bør me stå på, same kva for blinde høner som finn eitt og anna korn. Me må, som sagt, kjempa mot båe to.

Spørsmålet om fare for verdskrig tek me ikkje opp i full breidde under plattformordskiftet. Spørsmålet følgjer av at Sovjet er imperialistisk, at imperialismen må utvide eller døy, at Sovjet nå er på høgde med USA, som har vore "verdspolitisk" sidan siste verdskrig, og at dei såleis før eller sidan må måle krefter fullt ut. Av di Noreg dessutan ligg utsatt til militærstrategisk, oppfordrar komiteen kora til i fyrste hand å ta opp studier på spørsmålet.

SPØRSMÅL TIL ORDSKIFTET kan kora i ei viss mon avgjera sjølve, men alle kora må ta ei avgjerd om:

- Er det rett at Sovjet er sosialimperialistisk?
- Er det rett av dei raude kora å ta stilling til dette i plattform og praksis?

LITTERATUR = sjå neste side.

LITTERATUR

om Sovjet byrjar det nå å bli god tilgang på. Til denne plattformhand-
saminga vil den mest eigna lesnaden truleg vera:

Martin Nicolaus: Restore of Capitalism in the USSR.

(ei amerikansk bok på 137 sider, kostar rundt kr.12, er grundig og svært
klar teoretisk, og nyttar i hovudsak sovjetiske kjelder. Ser lesast av
alle som meistrar sordet.)

For dei som heller vil lesa norsk, tilrådest:

Sosialimperialismen/Sovjet i dag (særleg s.113-124 og s.180-187.)
(eller Røde Fane nr.4-74: Sovjet i dag - s.19-53.)

sart

Leninisme eller sosialimperialisme (hefte, kinesisk analyse av Sovjet)

Alle desse kan skaffast gjennom Oktoberbokhandlar, og underbygger stand-
punktet at Sovjet er sosialimperialistisk. Dene på litteratur som syste-
matisk forsvargar standpunktet at Sovjet er sosialistisk har me ikkje for
vanda her, men det finst i SEP sin litteratur. Sin ivrig motstandar av
sosialimperialismestandpunktet (utanom Hans Ebbing) er elles Erik Rudenst,
som i SV-heftet Sosialistisk Framtid nr.13, om Sovjet, (særleg s.34-51)
legg fram synet at Sovjet i dag er eit "overgangssamfunn" mellom kapita-
lisme og sosialisme, at eit klasselaust byråkrati har statsmakta, og at
Sovjet i dag er noko likare enn Sovjet på 30-talet. Heftet/standpunktet
har etter vår meining store veikskapar både i fakta og teori, noko som
hjem for augen og ein les det parallelt med t.d. Nicolaus eller Materia-
listen 6 og 7. Standpunktet har vore populært blant SV-medlemmer ei tid,
men de får vurderer sjelve om det nå takast opp eller ikkje.

For folk som ønskjer å lesa meir, tilrådest:

- Lenin: Imperialismen och socialismens splittring (svensk hefte)
- " : Imperialismen (bok, om lag 140 sider, grunnleggjande analyse)
- Nils Holmberg: Fredlig kontrarevolution I & II (svenska böcker)
- Lars Gustafsson/Kurt Wickman: Marxism eller trotskism? (svensk bok)
- Revolusjonær opposisjon i Sovjet (bok, Oktober)
- "Om Krustajevs falske kommunisme og de historiske erfaringer verden
kan trekke av den" (hefte, kinesisk standpunkt i "den store polemikken"
1963-64 mellom kommunistpartia i Sovjet og Kina)
- Antimperialistisk komite for 3.verden: Studiesirkel
- Røde Fane nr.5-75: Krigsfaren.

(prioriter gjerne dei med strek under)

GJENNOM ET GODT OG SKARPT ORDSKIFTE
TIL EKTE OG LEVANDE ELSKAP!

A.M.&J.E., Trondheim.

GRUNNLAGSMATERIALE TIL SPØRSMÅLET OM ARBEIDSSTIL I DEI RAUDE KORA.

I framlegget til plattform heiter det at Raudt Kor er ein sjølstendig kamporganisasjon som kjemper for arbeidarklassa og sosialismen. Skal vi kome nokon veg i denne kampen må vi stendig byggje ut og styrkje einskapen i koret, slik at vi kan slå som ei hand i klassekampen. Då er det viktig at vi fester merksemda på korleis vi organiserer oss og korleis vi arbeider i koret. Eg meiner dette har vore for lite diskutert i kora til no. Det må seiast at det synet eg legg fram må stå for mi eiga rekning, då redaksjonskomiteen ikkje har diskutert dette noko særleg.

Koret må fyrst av alt ha ein kollektiv arbeidsstil. Alle viktige problem må løysast kollektivt, både i plenum, istyret og i gruppene. Vi må forstå prinsippet om å sameine kollektiv leiding med personleg ansvar. Kvart medlem må sjå det som sitt ansvar å løyse problema, å vere med å drive koret fram. Skal det vere mogleg, må det vere demokrati i koret. Samstundes meiner eg det må vere sentralisme i koret for at vi skal kunne slå hardt frå oss utetter.

Korleis skal ein forstå det? Står ikkje demokrati i motsetnad til sentralisme? Då må vi sjå nærare på kva som meinast med desse omgrepa. Stutt kan ein seie at demokrati inneber at mindretalet er underordna fleirtalet, medan sentralisme tyder at dei lågare organa er underordna dei høgare. Utifrå dette har eg satt opp ein del prinsipper eg meiner koret bør arbeide etter, og for korleis vi bør organisere oss.

1) Det høgste organet i kora er sjølsagt allmøtet/kormøtet som vedtar plattformen og alt vesentleg som kjem koret ved. Men for at ikkje aktiviteten skal verte planlaus og uorganisert treng vi eit styre. Det må veljast på allmøte i koret. Vidare meiner eg at kvar gruppe i koret treng ein leiar. Han/ho må veljast av medlemma i gruppa.

I koret vil det alltid vere slik at somme er meir aktive og drivande i å setje plattformen ut i livet, i å utføre vedtak i praksis enn andre. Desse folka bør til einkvar tid sitje i styret og vere gruppeleiarar. Slik utviklar koret seg raskare i rett lei, ved at dei mest leiande medlemma dreg med seg og knytter til seg dei andre.

Somme seier at Raudt Kor ikkje treng noko styre, men berre eit arbeidsutval som skal utføre dei praktiske oppgåva. For det fyrste meiner eg dette er ei line for å svekkje kampkrafta og utviklinga i koret ved ikkje å dra nytte av dei "flinkaste" folka. Vidare er det klart at bakom einkvar praktisk oppgåve ligg det eit politisk syn, ein politisk prioritering.

2) Styret må periodevis "stå til rette" for medlemma, dvs. gje rapportar om verksemda si til koret. Slik kan koret kontrollere at styret lojalt følgjer opp allmøtevedtak og plattform. Vidare vil det alltid vere slik at nye aktivistar gror fram i koret som er meir leiande enn dei gamle styremedlemma. Difor bør det periodevis vere gjenvalg til styret.

3) Styret må alltid ha nær kontakt med medlemma i koret. Aktiviteten deira vert fånytted dersom han ikkje er sameint med aktiviteten til medlemma. Styret (og gruppeleiarane) må heile tida lyde på meiningene til medlemma, studere røynslene deira og ta initiativ til å løyse motseiingar i koret. Prinsippet for arbeidet bør vere "frå massane, til massane" slik Mao uttrykkjer det.

4) Samstundes som medlemma kontrollerer verksemda til styret, meiner eg at det også den andre vegen bør vere ein slags kontroll på at plattform og vedtak vert fulgt. Det vil seie at arbeids/stemmegruppene bør gje rapportar om arbeidet sitt til koret og styret. Det einskilde medlem bør t.d. kunne grunnegje fråver til gruppeleiaren.

5) Når koret skal ta stilling til ei sak må det først breie diskusjonar i koret før vedtak kan fattast. Etter at vedtak er fatta må alle anten dei var samde i vedtaket eller ikkje, lojalt følgje opp vedtaket. Skulle det vore annleis, kunne ein tenkje seg at t.d. ein stemmegruppe åleine kunne sabotere ein opptreden.

6) Styret må kunne fatte vedtak som er bindande for koret. Det gjeld i fyrste rekkje raske framsyningar, repertoar i samband med det o.l. Men styret bør også ha rett til å nytte sentralismen i koret, t.d. ved lange ordskifte. Ein einskapeleg framferd ute krev ein sentralistisk leing. Så langt det er mogleg, bør koret godkjenne handlemåten til styret etterpå.

Forholdet demokrati/sentralisme.

For oss er ikkje demokrati berre ein formell rett til å seie kva ein meiner. Demokratiet er eit våpen for å styrkje einskapen og disiplinen, for stendig å gjer^{Koret} meir slagkraftig. Vi vil ha eit aktivt demokrati, der medlemma aktivt tar del i avgjerdet, i å utføre vedtaka og i oppsummeringar av røynslene. Slik kjem praksisen i koret på et stendig høgare nivå.

Somme nyttar omgrepet "fleirtalsdiktatur" i samband med vedtak som er bindande for mindretalet. Etter det synet kan ein berre ta opp ting i koret som det er full einskap om. Men i røynda vert dette eit mindretalsdiktatur.

Demokrati er også å kunne velje sin eigne leiarar, i motsetnad til praksisen i borgarlege kor, der leiarane vel medlemma. Eg meiner at lina med eit arbeidsutval i staden for eit styre i røynda også krenkjer dei demokratiske prinsippa. Ved å freiste å gje arbeidsutvalet eit politisk preg, vert det politiske synet dregen unna demokratisk kontroll. Styrearbeidet vert då raskt prega av subjektivistiske idear.

Dersom den demokratiske kontrollen i koret fungerer vert det ikkje nokon motseiing mellom demokrati og sentralisme. Styret gjev "direktiv" utifrå dei "direktiv" koret gjev styret. I røynda kan det ikkje vere noko demokrati utan sentralisme.

Men om det er einskap mellom demokrati og sentralisme, vil det også vere motseiing mellom dei. Vi lever i eit borgarleg samfunn, der mindretalet bestemmer over fleirtalet. At det ikkje er demokrati i samfunnet vert sjølsagt spegla av i koret. Det gjev seg utslag i ein tendens til at subjektivistiske idear får råde i koret. Styret og taleføre folk kan fritt spreie idear avdi folk ikkje er vande med å nytte demokratiet. Arbeidsstilen i koret vert prega av anten ultra-demokrati eller ein "la det skure"-mentalitet. Ultra-demokrati vert det ofte i koret etter mi meining under ordskifte kring tekstendringar o.l. i songane. Det gjeld, gjennom praksis, å finne eit rett forhold mellom demokrati og sentralisme. Mi eige røynsle er at styra har vore for lite drestuge til å nytte sentralismen.

Disiplin og einskap.

For å få eit einskapeleg kor må vi ha ein stram disiplin. Kor-medlemma bør setje interessane til koret i høgsetet. Disiplin er ikkje noko som er arbeidarklassa framand, tvert om. Men vi

skal ikkje byggje på ein blind disiplin, som i militæret. Vi vil ha ein bevisst disiplin, der naudsynet av den vert grunnleggje gjennom demokratiske diskusjonar. Eit levande demokrati styrkjer disiplinen. Eg meiner dette er eit viktig spørsmål for kora. Under ei framsyning har det mykje å seie for inntrykket at vi har ein disiplinert framferd. På øvingar vert gjerne tida knapp, og skal programmet gjennomførast, krev det "ro i salen".

Generelt går det på lojalt å følgje opp vedtak, og ikkje undergrave dei. Lære songane skikkjeleg, møte på alle øvingane osv.

Kritikk/sjølkritikk.

Eit vilkår for at vi skal gå framover er at vi nyttar metoden med kritikk og sjølkritikk. Med det meinast at eitkvart medlem har plikt og rett til å ta opp alt han meiner er gale. På den andre sida, dersom praksis syner at ei line er rang, pliktar dei som sto for denne lina å gjere sjølkritikk.

Berre slik kan koret leggje av seg dårlege vanar, kunne lære av feila og utvikle seg vidare. Somme meiner det er ein bra ting at det ikkje finst usemje i koret, at det ikkje vert skarpe ordskifte. I røynda er det motsatt. Dersom folk vert sitjande med motseiingene sine, vert det ein overflatisk einskap i koret. Difor bør alle sjå det som sin plikt, anten dei er flinke til å ordleggje seg eller ikkje, å ta opp det dei meiner er gale.

Det er klart at det ikkje alltid er like lett. Mange er ikkje vande med å ta ordet i forsamlingar, særst vanskeleg kan det vere for nybørjarar. Difor bør vi kjempe for eit miljø og ein stil i koret som gjer dette mogleg. Mi eiga røynsle er at det har vore mykje å usetje på det sosiale miljøet i koret, til dømes tendensar til sekteriske klikkar. Fleire folk har ikkje følt seg heime i koret og har difor slutta etter stutt tid.

Generelt kan kritikk ha to formål: Han kan "drepe", eller han skal "kurere". Vi må nytte den siste typen. Dersom vi vil kritisere eit medlem, ein gruppe eller styre hjelp det ikkje å slakte offeret. Prinsippet må vere å byggje på dei gode sidene hos "offeret" slik at han kjem styrka ut av ordskiftet. Vidare bør ein gjere kritikken allmenn, det er heilt sikkert fleire som gjer dei same feila.

På same vis som vi bør kritisere, bør vi kunne ta sjølkritikk, ikkje halde oss for gode til å ta feil. Då ville aldri koret kunne utvikle seg vidare. Sjølkritikken må heller ikkje berre bli ord, men få konsekvensar for praksisen.

Til slut må vi ta alvorleg på kritikk frå folk utanfor koret, oppfordre dei til å kritisere oss.

Spørsmål til diskusjon:

- 1) Treng vi eit arbeidsuval eller eit styre?
- 2) Er det rett at mindretallet skal vere bunde av fleirtalet?
- 3) Er det rett at styret gjev "direktiv"?
- 4) Forholdet demokrati/sentralisme. Ultrademokrati i koret.
- 5) Kritikk/sjølkritikk.

Litteratur: Mao: Metoder for ledelse
Labour Party of Albania on the life and the building of the party
Stalin: Mot vulgarisering av parolen om sjølkritikk.

P., Oslo.

ARBEIDERKLASSENS LEDENDE ROLLE.

Grunnlagsmateriale til plattformdiskusjonen i de røde kora høsten -76.

De røde kora har tatt folkets stilling i kampen mot reaksjon og kapital, for opprettelsen av det sosialistiske samfunnet. Marx viste at arbeiderklassen er ledende i denne kampen, og at hele det arbeidende folket kun kan ha en framgangsrik kamp under denne klassens ledelse. Om arbeiderklassen er ledende i denne kampen, må også de røde kora innrette sin politikk på denne klassen.

uten utbyttede - ingen utbyttere.

All samfunns historie, fra og med slavesamfunnet, er historia om klassenes kamp. Klassekampen er kampen mellom utbyttere og de som blir utbytta, - en kamp som bare kan opphøre om all undertrykking og utbytting blir borte. Av de undertrykte klassene inntar arbeiderklassen ledende stilling.

Arbeiderklassen, spesielt industriproletariatet, er kapitalens direkte grunnlag. Denne klassen er den mest produktive og skaper kapitalistenes merverdi. En arbeider får ikke lønn for det han produserer. Det er arbeidet som skaper verdi og frambringer profitten, - ikke kapitalen, slik kapitalistene vil ha oss til å tru.

Direkte stilt overfor monopolborgerskapet som den er, kan arbeiderklassen lamme grunnlaget for herskerklassens samfunnsmessige stilling. Kapitalens grunnlag kan best velte kapitalens maskineri - derfor er arbeiderklassen grunnlaget for sosialismen.

Arbeiderklassen er den mest utbytta klassen.

Under kapitalismen er grunnlaget for produksjonsforholda den kapitalistiske eiendomsstetten til produksjonsmidlene. Arbeideren eier ikke produksjonsmidler, og er nødt til å selge arbeidskrafta si til kapitalisten for å leve, og må derfor stå ut med utbyttinga. Arbeiderklassen har ingenting å tape i kampen, verken privilegier eller eiendom.

Santidig som denne klassen er den mest utbytta, er den også den tallmessig største og mest konsentrerte klassen. Arbeiderklassen er konsentrert med opp til tusenvis på hver fabrikk. Dette knytter arbeiderne sammen og danner grunnlag for klasse solidaritet - noe som er et av arbeiderklassens viktigste våpen. Denne klassen er også den best organiserte og har de største og sterkeste kamptradisjonene. Politisk har industriarbeiderne, spesielt innafor jern og met. industrien split en viktig rolle gjennom store streiker, den massive motstanden mot EEC osv.

Arbeiderklassens klassebevissthet og kampkraft har i de seinere åra vært svekka ved de sosialdemokratiske ledernes klassesamarbeid og overløp til monopolkapitalen. Dette gjør arbeidet med å gjenreise kamplinja i arbeiderklassens organisasjoner svært viktige idag.

Arbeiderklassen er den progressive klassen.

I forhold til kapitalismen, er arbeiderklassen den progressive klassen. "Av alle klasser som idag står mot borgerskapet, er bare proletariatet en virkelig revolusjonær klasse. De øvrige klasser sjukner bort og går under stilt overfor storindustrien; proletariatet er dens kjerneprodukt." Marx/Engels i Manifestet.

Det vil alltid være sånn i et samfunn at produktivkreftene (produksjonsredskap, arbeidere) står i vekselvirkning med produksjonsforholda. Produksjonsforholda påskynder el. virker som en bremse for produktivkreftene. Etersom produktivkreftene utvikler og forandrer seg, vil produksjonsforholda bli forelda.

Den private eiendomsretten, kapitalistenes egeninteresse og profittgriskhet fører til konkurranse kapitalistene imellom og hindrer produktivkraftenes videre utvikling.

Dette gir seg uttrykk i motsetninger mellom to klasser som bare kan løses gjennom en sosial revolusjon.

Bare ved at de private eiendomsforholda avskaffes - bare ved at produsentene (arbeiderne) sjøl rår over produktivkraftene og legger behov til grunn for produksjonen i stedet for profitt, vil vi få produksjonsforhold som behersker og utvikler produktivkraftene. Der er arbeiderklassen som må gå i spissen for å velte de gamle produksjonsforholda og opprette de nye, - dette gjør arbeiderklassen til den progressive klassen.

Arbeiderklassens nærmeste allierte.

Sammen med arbeiderklassen står andre undertrykte grupper i motsetning til kapitalen, dette gjelder først og fremst hovedmassen av bøndene og fiskerne, men også andre deler av småborgerskapet.

Samtidig med at monopolkapitalens kamp for større profitt rammer stadig større deler av det arbeidende folket, har disse gruppene vist en økende vilje til enhet med arbeiderklassen. Mao Tse Tung sier at for å tjene disse gruppenes interesser må vi inn ta proletariats klassestandpunkt og ikke småborgerskapets. Vi må ha klart for oss at arbeiderklassen er den ledende både i dagskampen og i kampen for sosialismen.

De røde kora stiller seg på klassekampens grunn. D.v.s. at vi må innrette arbeidet vårt på arbeiderklassen, og stille oss til denne klassens tjeneste, sjøl om flertallet av medlemmene i kora ikke er arbeidere.

Skal kora kunne nå lengre ut til arbeiderklassen, må vi drive praksis. Ikke vente passivt på oppdrag, men aktivt oppsøke arbeidsfolk i kamp, og gjøre kora kjente på arbeidsplassene. Rekrutteringa må innrettes spesielt på arbeiderklassen.

Styret i koret bør ha et solid grep om arbeiderklassens teori og praksis. Det bør ha evne til å være politisk og organisatorisk ledende, og gå i spissen for å motvirke dårlig stil, liberalisme og mangel på disiplin i koret. Det er en bra ting at det velges arbeidere inn i styret, - noe vi bør legge større vekt på enn vi hittil har gjort.

Litteratur:

Mao Tse Tung: Analyse av klassene i det kinesiske samfunnet, spes, avsn. om proletariats.

Marx/Engels: "Det kommunistiske partis manifest". Spes. kap. 1 Borger og proletar.

Røde Fane nr. 3/76: Inndeling av proletariats og utvikling av det i dagens Norge.